

---

**Fra:** Team Flatøy 4H <teamflatoy4h@outlook.com>  
**Sendt:** onsdag 19. februar 2020 18:10  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Høyringsuttale Midtmarka og Rotemyra - Team Flatøy 4h  
**Vedlegg:** Høyringsuttale-Flatøy.pdf

Hei. Vennligst sjå den vedlagde høyringsuttalen angående utbygginga av Midtmarka og Rotemyra på Flatøy.

Mvh Lars Martin Breivik  
Leiar Team Flatøy 4h

Flatøy 18.2.2020

**Høyringsuttale til områdeplan Midtmarka og Rotemyra på Flatøy.**

Sender med dette inn høyringsuttale frå 4H Team Flatøy.

Vi i 4H Team Flatøy har nokre innspel til områdeplanen for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy.

Vi synast ikkje det er bra at ein planlegg å bygge ut slik at eksisterande turområde i Midtmarka forsvinn. Dette turområdet er per no eit lett tilgjengeleg og godt brukt turområde av både barn, ungdommar og vaksne. Vi ønskjer at turområdet skal få vere slik det er i dag, slik at små og store enkelt kan gå både korte og lengre turar i eit variert og lett tilgjengeleg område.

Det er bra at ein i planen legg opp til småbåthamn og plass til umotorisert ferdsel, vi likar å nytte, og har tidlegare oså nytta Flatøyosen, til blant anna kanopadling og fiske.

Vi synast ikkje at det bør leggjast til rette for meir motorisert ferdsel inst i Flatøyosen enn det er i dag – vi vil at det framleis skal vere ein stad der ein kan padle og drive med rolege aktivitetar på sjøen utan å verte forstyrra av mykje motorisert ferdsel.

Vi lurar på om ein har gjort gode nok undersøkingar på kva endringane ei så stor utbygging gjer både med vasskvalitet og dyreliv i sjø og på land?

Når har ein evt. gjort undersøkingane og er dei gjort i samband med denne utbygginga? Det er viktig med oppdaterte og riktige opplysningar for at ein skal kunne gjere gode og kloke val for framtida.

4H Team Flatøy



leiar